



ALVER
KOMMUNE

Anleggsstrategi Alver kommune

Vedlegg til kommunedelplan for
kultur, idrett og friluftsliv, versjon 2025





Kva er anleggsstrategien?

Denne strategien er eit strategisk-operativt dokument, og skal på grunnlag av oppdraga frå *Kultur som drivkraft* danne grunnlag for

- Fordeling av spelemidlar til idretts-, nærmiljø-, friluft- og kulturanlegg
- Utviklinga av idrettsanlegga i kommunen
- Uteområdeutviklinga ved skular og aktivitetsområda
- Utvikling av eit differensiert utval kulturarenaer og kulturell fysisk infrastruktur

Strategien sin handlingsdel skal rullerast årleg, og inneheldt tiltak med konkrete tiltakshavarar og fastsett oppstarttid innan kommande 4-års periode.

Det er eit krav for tildeling av spelemidlar til ordinære idrettsanlegg at ein har ein politisk vedteken prioritert handlingsplan for etablering eller rehabilitering av anlegg. For kulturarenaer er kravet at kommunen skal gjere ei politisk vedteken prioritering dersom det er fleire søknadar frå ein kommune til same frist.

For å sikre at søkjarar i Alver kommune, inkludert kommuneorganisasjonen, vil kvalifisere for spelemidlar, skal Anleggsstrategien fungera som den samordna prioriteringa for anleggsutvikling. Denne må vere slutført innan utgangen av kvart år.

Prinsipp for prioritering

Det er historisk nokre års ventetid for å få tildelt spelemidlar til ordinære anlegg. Dette medfører at ein må søke fleire gongar for å få tildeling.

- 1.** Omsyn til ei heilskapleg anleggsutvikling, med vekting av behova til Alver kommune, idretten, kulturlivet og innbyggjarane, vil vere førande for prioritering av anlegg.
- 2.** Private anlegg skal som regel bli prioritert. Unntaket er offentlege anlegg som har venta på utbetaling ein del år utover normal ventetid eller der omsyna til punkt 1 og 4 vert vektlagd høgare.
- 3.** Nærmiljøanlegg skal som regel inn i årleg rullering for å bli prioritert. Opp til to private nærmiljøanlegg kan bli prioritert kvart år, før offentlege nærmiljøanlegg.
- 4.** Aktivitetsanlegg som støttar opp om aktivitet i skulane sine nærmiljø skal prioriterast.

Alver idrettsråd og/eller Alver kulturråd er høyringspart.



Handlingsdel

Ordinære anlegg (idrett og fysisk aktivitet)

Pri.	Anlegg	Stad	Tiltakshavar	1.søknadsår	Søknadssum	Merknad
1	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	2020	60 000,-	Ferdigstilt
2	Fleiraktivetets-sal/ motorikkhall	Sagstad skule	Alver kommune	2020	1 049 000,-	Ferdigstilt
3	Standplass og skyteskiver	Stokke-dalen	Nordhord-land jakt og fiskelag	2022	674 000,-	Ferdigstilt
4	Rehab. kunstgras-bane II + lysanlegg	Fossemyra, Frekhaug	IL Kvernbit	2022	850 000,-	Ferdigstilt. 850 000,- tildelt i 2024.
5	Rehab. kunstgras-bane 11'ar	Knarvik stadion	Alver kommune	2022	1 000 000,-	Ferdigstilt
6	Rehab. kunstgras-bane 11'ar + lys	Ostereidet	Alver kommune	2023	1 700 000,-	Ferdigstilt
7	Rehab. kunstgras 7'ar	Knarvik	Alver kommune	2023	600 000,-	Ferdigstilt
8	Utviding 100m standplass/ rehab. skyteanlegg	Espetveit	Meland skyttarlag	2024	562 000,-	Under arbeid
9	Båthus for kajakk	Fossemyra	IL Kvernbit	2024	542 000,-	Ferdigstilt



10	Tretrapp/tilrett elegging turveg	Eldsfjellet	Alver kommune	2026	500 000-750 000,-	Planlagd
11	Lager	Bøvågen	Hordabø IL	2026	300 000,-	Planlagd
12	Diverse anlegg friluftsområde	Statleg sikra område Håøy m.m.	BOF	2026-27		
13	Informasjon- og turskilt, andre tiltak friluftslivets ferdselsårer	Fleire stader	Alver kommune	2026-27		
14	Oppfølging friluftslivets ferdselsårer	Fleire stader	Alver kommune	2026-27		
15	Skytehall 15-m skyting	Espetveit	Meland skyttarlag	2026-27		
16	Rehabilitering av elektroniske målskiver på 100m skytebane	Lona	Seim skyttarlag	2026-27		
17	Rehabilitering av elektroniske målskiver på 200m skytebane	Lona	Seim skyttarlag	2026-27		
18	Renovering/ utvidelse av 100m standplass og grav	Lona	Seim skyttarlag	2026-27		



19	Renovering/ utvidelse av 200m standplass og grav	Lona	Seim skyttarlag	2026-27		
20	Korthullsbane	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2026-27		
21	Turveg	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2026-27		
22	Minigolf/trenin gsanlegg	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2026-27		
23	Fotballhall	Lindås	Lindås IL	2026-27		
24	Garderobe- bygg	Grønålen	Manger IL	2026-27		
25	Fotballbane grus 40*60m	Skarsvegen Alversund	UL Sambygd- ingen	2026-27		
26	Rehabilitering kunstgras- baner	Seim, Alversund, Leirdalen, NH-hallen	Alver kommune	2026-2029		

Nærmiljøanlegg (idrett og fysisk aktivitet)

<u>Pri.</u>	<u>Anlegg</u>	<u>Stad</u>	<u>Tiltakshavar</u>	<u>1.søknadsår</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Merknad</u>
1	Nærmiljø- anlegg	Knarvik	Rabben velforeining	2026		
2	Nærmiljø- anlegg	Grasdalen	Heiane vel/Grasdalen	2026		



			nærmiljø- anlegg			
3	Diskgolfbane	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	2026-27		

Kulturanlegg

<u>Pri.</u>	<u>Anlegg</u>	<u>Stad</u>	<u>Tiltakshavar</u>	<u>1.søknadsår</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Merknad</u>
1	Formidlingslokale/naturrom	Lyngheiseret, Lygra	MUHO	2022	3 656 000,-	Arbeider med finansiering for å få søknad godkjent
2	Grindbygg, Blåmann	Husebø	Holsnøy kystlag	2025	114 790,-	Ferdigstilt, men ikke fått svar på søknad
3	Frekhaug bedehus, oppgradering kjellaretsjen	Frekhaug	Frekhaug indremisjon	2025	300 000,-	Planlagt
4	Kommunehus på Manger: ombygging og innreising av større deler til kultur- og aktivitetsføremål.	Manger	Alver kommune	2025	1 500 000,-	Påbyrja
5	Frekhaug bibliotek	Frekhaug	Alver kommune	2025	1 500 000,-	Ferdigstilt



6	Samfunnshuset Haugatun	Lindås	Samfunnshuset Haugatun	2026		Planlegging
7	Vardegard	Kårbø	Foreningen Vardegard	2026		Planlegging
8	Kulturboden AS	Flatøy	Zingzang	2026		Planlegging
9	Framtun	Vikebø	UL Framsteg	2027		Planlegging

Oversyn summar tildelt tidlegare år

	<u>Ordinære anlegg</u>	<u>Nærmiljøanlegg</u>	<u>Kulturanlegg</u>
<u>2025</u>	8 407 000,-	876 000,-	Ikkje tildelt endå.
<u>2024</u>	9 169 000,-	885 000,-	1 500 000,-
<u>2023</u>	8 467 000,-	807 000,-	750 000,-

Forhold mellom idretten og Alver kommune

Oppgåver ved drift/vedlikehald/tilsyn ved offentlege idrettsanlegg

Følgjande prinsipp gjeld for eventuelle driftsavtalar ved offentlege idrettsanlegg

1. Like generelle vilkår skal gjelde, men med omsyn til lokale tilhøve og behov.
2. Eventuelle avtalar kan gjelde vedlikehalds, drifts-, og tilsynsoppgåver, etter lokale behov.
3. Eventuelle avtalar kan vurderast for offentlege anlegg, der private ikkje har driftsoppgåver i dag.
4. Alle avtalar må vurderast i høve lov om offentlig innkjøp.
5. Alver idrettsråd er høyringspart.



Private større ordinære idrettsanlegg – tilskot

Prinsippa er eit samordna utgangspunkt for årleg tilskotsordning til drift og vedlikehald av større private idrettsanlegg.

1. Prinsippa gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar.
2. Tilskota har som mål å sørgje for føreseielege vilkår for idretten, og styrke idrettens høve for langsiktig planlegging.
3. Tilskota har som mål å støtte opp om ei heilskapleg anleggsutvikling i Alver kommune.
4. For eventuelle faste tilskotsavtalar må det utarbeidast ein lik grunnsum etter anleggstype.
5. Eventuelle faste tilskotsavtalar må verte regulert etter generelle foreinte vilkår, men inngåast individuelt mellom kommunen og anleggseigar.
6. Skyteanlegg eigd og drifta av organisasjonar tilslutta Det frivillige Skyttarvesen vert sett på som ordinære idrettsanlegg.
7. Alver idrettsråd er høyringspart.

Mindre private anlegg

1. Mindre private ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg vil ikkje omfattast av tilskotsordninga over.
2. Det kan leggjast til rette for periodiske felles satsingar med omsyn til anleggstype eller som materialstøtte.
3. Alver idrettsråd er høyringspart.

Alver kommune sin bruk av private ordinære idrettsanlegg

Private ordinære idrettsanlegg som vert nytta direkte av Alver kommune, som del av kommunens tenesteyting ved til dømes bruk som uteområde eller til kroppsøving, vurderast som eit leigeforhold, og må regulerast i form av eigne eventuelle leigeavtalar, uavhengig av anleggsstøtte.

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune, Alver idrettsråd og Alver kulturråd

Med bakgrunn i gjeldande samarbeidsavtalane mellom Alver kommune, Alver idrettsråd og Alver kulturråd skal ein leggje til rette for føreseielege rammer for samarbeidet mellom partane.